



Tilsette og innbyggjarar i Sande kommune

Vår referanse  
20/292 20/1412

Dykkar referanse

Sakshandsamar  
Trond Arne Aglen

Dato  
17.03.2020

Sakstype	Saksnr.	Utval
DS	05/20	Kommunestyret

## **Utgående delegert vedtak - Sande kommune – vedtak etter lov om vern mot smittsame sjukdomar §4-1.**

### **Vedtak:**

I samband med spredning av Covid-19 har kommunedirektøren fatta følgande vedtak:

1. Alle som kjem til Sande kommune etter reise i områda angitt i pkt 3 i Norge vert ilagt heimekarantene i 14 dagar.
2. Personar som utviklar sykdom eller symptom i karanteneperioden følger myndighetenes anbefaling om å konvertere heimekarantene til isolasjon.
3. Vedtaket gjeld følgande områder: Fylkene Oslo, Viken, Agder, Rogaland, Vestfold og Telemark, Innlandet og Vestland.

Fører og personell av vare og passasjertransport unntas frå vedtakets karantenekrav, men nasjonale føringar for karantene og isolasjon ved sjukdom gjeld. Dette gjeld også personell som er nødvendig for å gjennomføre transporten.

Reisande som ikkje har symptom kan reise til planlagt opphaldsstad, men bør under reisa så langt det lar seg gjere, halde avstand til andre.

Reisande med symptom skal umiddelbart i isolering og kan ikkje bruke offentleg transport.

Det kan gjerast unntak for nøkkelpersonell som har samfunnskritiske oppgåver etter DSB sin definisjon.

### Rettslig grunnlag:

Smittevernlova §1-1 skal sikre at myndighetene setter i verk nødvendige smitteverntiltak mm.

Smittevernlova §1-5 stiller krav om at smitteverntiltak skal vere basert på ei klar medisinfaglig grunngjeving m.m.

Smittevernlova §4-1 gir heimel for omfattande smitteverntiltak, herunder møteforbod, stenging av verksemder, begrensing av kommunikasjon, isolering og smittesaning.

### Grunngjeving for vedtaket:

Covid-19 er av globale og nasjonale helsemyndigheiter erklært som eit alvorlig utbrot av allmennfarleg smittsam sjukdom.

Mykje av aktiviteten i samfunnet er stengt ned og folk er oppmoda om å halde seg heime. Skular, barnehagar, idrettsarrangement, treningssenter, møter, serveringsstader og alle type samankomstar har stengt ned og avlyst.

Fylka Oslo, Viken, Rogaland og gamle Bergen og Hordaland har stor smittespreiing. Smitten vil no verte spreidd innanlands, då alle som kjem frå utlandet må i karantene. Det er altså vesentleg forskjell i smittepress mellom regionane aust og sør for vårt fylke og Sande kommune. Fleire andre kommunar i Møre og Romsdal fylke har gjort vedtak om avgresning og karantene ved reise frå dei utsette områda.

Både primærhelsetenesta og sjukehusa står no overfor store utfordringar med å takle den pasientstrømmen som no er venta. Samstundes er det ikkje til å unngå at mange helsearbeidarar hamnar i karantene pga at dei får symptomer eller det vert påvist smitte med koronavirus. Dersom det vert svært mange pasientar samstundes, vert helsevesenet ikkje i stand til å takle dette. Erfaringane særleg frå Italia, men også frå andre land som Sør Korea, Kina og Japan tilseier at det er effektivt å stenge ned samfunnaktivitet så mykje som mogeleg.

Formålet med vedtaket og tiltaka er å utsette/drøye ei smittespreiing i håp om å unngå ein samla stor smittetopp.

Tiltaka er diskutert og avklart med kommuneoverlegen og ordførar.

### Klage:

Fylkesmannen er klageinstans på vedtak som kommune fattar etter reglane i smittevernloven. Klagen skal sendast til Sande kommune.

### Ikrafttredelse:

Vedtaket gjeld frå 17.03.2020 kl 12:00 og vil gjelde fram til nytt vedtak ligg føre.

### Andre forhold:

Sande kommune sitt vedtak opphevar ikkje vedtak gitt av andre myndigheiter

Med helsing

Trond Arne Aglen  
kommunedirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

---

Sande kommune  
Rønnebergplassen 17  
6084 Larsnes

[www.sande-mr.kommune.no](http://www.sande-mr.kommune.no)  
[postmottak@sande-mr.kommune.no](mailto:postmottak@sande-mr.kommune.no)

Sentralbord: 70 02 67 00  
Org. nr: 822 534 422  
Kontonr: 3906.07.50061